Helge Eidsnes
Myrdalskogen 437
5117 ULSET

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 20/6152 - 20/12209 | Sverre Solberg<br>sverre.solberg@alver.kommune.no | 03.03.2020 |

# Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 215/33 - "Gjerdshaug" av Eidsnes Ytre - Eidsnesvegen 88, 5913 Eikangervåg.

Alver kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen.
Matrikkelen er Noreg`s offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.
Dette er ein kontinuerleg prosess som kart- og oppmålingsavdelinga utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå jordskifte og vegvesen samt eldre skylddelingar. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teikningar eller grenselinjer.
Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggjingsføremål og andre ting.

Det har vorte oppdaga feil på grenselinja til ovanforståande eigedom av kommunen i samband med oppmålingsforretning på gbnr 215/34. Sjå vedlagte skyldskifte m/prinsipp-skisse ! Denne grenselinja er i dag retta opp på 5 av dei andre 10 kartvedlegga til dette brevet. Dei andre 5 kartvedlegga, syner korleis grenselinja såg ut i Matrikkelen FØR endringa vart utført. Rapport over grunneigedomen ETTER grenseendring, ligg også ved !

Som tilstøytande naboar – gbnr 215/1 og gbnr 215/24 – vert de varsla om grenseendringa som er føreteken i Matrikkelen. Skyldskiftet til gbnr 215/33 gjeld som før og er ubrigda etter denne endringa. Sjå vedlegg !

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Alver kommune, Kart og oppmåling, Postboks 4, 5906 Frekhaug.
Tlf. 56 37 50 00. E-post: post@alver.kommune.no

Med helsing

Tommy Veland
Avdelingsleiar
Kart og oppmåling

Sverre Solberg
avdelingsingeniør
Kart og oppmåling

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
215-33 Vedlegg

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helge Eidsnes | Myrdalskogen 437 | 5117 | ULSET |
| Lars Johan Høyland | Eidsnesvegen 108 | 5913 | EIKANGERVÅG |
| Preben Brobakke Vedå | Eidsnesvegen 74 | 5913 | EIKANGERVÅG |
| Sigbjørg Eidsnes | Saudalskleivane 38 | 5136 | MJØLKERÅEN |